

2023

Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune



Bykle kommune
Bykle ser langt

November 2023

Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune 2023

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Tilstandsrapporten skal mellom anna møte lovkravet i Opplæringslova § 13-3e første ledd;

§ 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling

“Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget...”

Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Tilsvarende kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane blir handsama i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Prøvkeregler regulerer offentliggjeringsregler av resultatane. I Elevundersøkinga er ein hovudregel at spørsmål svart på av færre enn 5 elevar blir unnateke offentliggjeing i sin heilskap, på grunn av fare for indirekte identifisering. Dette gjeld også for visning av svarfordelinga mellom gutar og jenter.

I dei nasjonale prøvene er det ein hovudregel at verdien prøvkast dersom gjennomsnittet er basert på 1-9 deltakande elevar. Sjå Udir.no for detaljerte regler.

Årstrinn	Elevar (GSI)
1. årstrinn 2022	4
2. årstrinn 2022	13
3. årstrinn 2022	4
4. årstrinn 2022	9
5. årstrinn 2022	10
6. årstrinn 2022	12
7. årstrinn 2022	9
8. årstrinn 2022	10
9. årstrinn 2022	12
10. årstrinn 2022	4

Bykle kommune har elevkull med få elevar. Slik blir enkelte data unnateke offentliggjeing av omsyn til personvernet. 2022/23 la Utdanningsdirektoratet (Udir) særseigne tolkingar til grunn. Det vurderast likevel å være formålstjenleg å leggje fram ein rapport som kan handsamast i eit ope møte. Det vil i sum gi størst grad av openheit.

Rapportens inndeling

Rapporten tar utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin mal. Rapporten blir supplert med elevars val av målform (tradisjon), satsingar, resultat frå lokalt tilsyn, nokre betraktningar kring samhandling og økonomi.

Data

Rapporten omhandlar i hovudsak skuleåret 2022-2023, og har data frå dette;

Skulefakta er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI), med telledato 1. oktober 2022.

Elevundersøkinga er gjennomført hausten 2022.

Nasjonale prøver er gjennomført hausten 2022.

Ungdata 2022 er gjennomført vinter 2022.

Lokalt tilsyn er gjennomført hausten 2023

Data blir presentert i denne rapporten, slik at en samanliknar ulike elevkull.

Få respondentar gir stor usikkerheit. Data (spesielt vist i prosent) må derfor nyttas med varsemd.

Det er og slik at tal og harde data berre er ein del av skulane og skuleeigars kunnskapsgrunnlag.

Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune 2023	1
Personvern	1
Rapportens inndeling.....	1
Data	1
Oppsummering.....	3
1. Elevar, lærarar og målform.....	4
1.1. Antal elevar i grunnskulen i Bykle kommune	4
1.2. Lærartettleik.....	5
1.3. Undervisningspersonale.....	7
1.4. Målform.....	8
2. Læringsmiljø	9
2.1. Elevundersøkinga	9
2.2. Mobbing på skulen	10
2.3. Varsel til rektor, skuleeigar og statsforvaltaren.....	11
2.4. Ungdata 2022 – meir kunnskap	11
3. Nasjonale prøver	13
3.1. Nasjonale prøver 5. trinn.....	13
3.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn	13
4. Karakterar og grunnskulepoeng	15
4.1. Standpunktkarakterar	15
4.2. Grunnskulepoeng	15
5. Fråvær og overgang til vidaregåande opplæring	16
5.1. Fråvær	16
5.2. Overgang til vidaregåande opplæring (VGO).....	16
6. Skulebasert vurdering.....	17
7. Satsingsområde	19
8. Samhandling.....	19
9. Økonomi	20

Oppsummering

Elevtal

Elevtalet varierer frå 111 til 87 dei åtte føregåande skuleåra. Inneverande skuleår er tatt med. Det viser ei auke frå 87 til 100 elevar. Det var 4 elevar som gjekk ut av 10. klasse denne sommaren, samstundes som det var 10 elevar som starta i 1. klasse denne hausten. Antal elevar varierer frå 2 til 13 elevar pr trinn.

Lærartettleik

Bykle kommune har høg lærartettleik. Den vil variere noko med antal elevar på dei einskilde hovudtrinna. Forutsigbart stillingsomfang bidrar til tilsette med høg og godkjent utdanning. Høg lærartettleik er eit godt utgangspunkt for god tilpassa opplæring.

Læringsmiljø

Grunnskulen i Bykle har sterkt fokus på elevane sitt læringsmiljø.

Låge elevtal gir avgrensa tilgang på «harde data». Skuleeigar vurderer likevel å ha et tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Grunnskulen i Bykle kommune har etablert eit omfattande rammeverk for arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø gjennom «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle». Planen verkar å sikre innsatsen når nokon ikkje har det trygt og godt. Planen omhandlar og det førebyggjande arbeidet (sjå pkt. 6). Årsakene til at elevar ikkje har det trygt og godt kan være samansette. Nokre gonger vil det krevje kompetanse og kapasitet ut over skulen (sjå pkt. 8). Det er elevar i grunnskulen i Bykle kommune som tidvis ikkje har det trygt og godt. For nokre elevar løyser situasjonen seg raskt, for andre kan det ta noko tid. Gode rutinar for evaluering og samhandling kan være av avgjerande betydning.

Fagleg utvikling

Det bør være variasjon mellom dei ulike årskulla. Ein ser at resultata varierer noko, men på et relativt høgt nivå. Det er samanheng mellom fagleg nivå og gjennomføringsgrad på vidaregåande skule. Skulane har gode interne rutiner for oppfylging av kartleggingsresultat.

Satsingar

Skulane driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid. Dei er no inne i to omfattande samarbeidsprosjekt; Læringsmiljøprosjektet med Universitetet i Stavanger og «Inkluderande praksis» med Universitetet i Agder. Store satsingar krev prioritering over tid.

Skulebasert vurdering

Denne hausten er det gjennomført tilsyn på oppfylging av «Arbeidet med Revisjonsrapporten sine anbefalingar». Det har vore eit omfattande arbeid med oppfylginga av anbefalingane i Revisjonsrapporten. Grunnskulen har bygd et godt rammeverk gjennom Handlingsplan. Implementering krev fokus over tid. Skuleeigar ynskjer å dreie arbeidet med oppfølging frå tilsyn til skulebasert vurdering.

Samhandling

Bykle kommune kan tilby ei rekke tenester til barn og unge. Nokre innanfor eigen organisasjon, nokre i et interkommunalt samarbeid og nokre i samarbeid med stat og fylke. Nyare lovgjeving legg stadig meir vekt på behovet for samordna tenester. Vi byggjer gode strukturar frå eit elev, føresett og/eller tilsett perspektiv.

Det er naturleg at Bykle kommune vurderer å utarbeide ein overordna plan på nivå med «Temaplan, Strategi eller Delplan, under kommuneplans samfunnsdel», som kan omhandle oppvekst, folkehelse, inkluderande fellesskap og/eller samordning.

Økonomi

Bykle kommune satsar på skulane sine


1. Elevar, lærarar og målform

1.1. Antal elevar i grunnskulen i Bykle kommune

Bykle kommune (EIGAR) | Antal elevar | Eigne tal

Skoleår	Antal elevar
2023-24(GSI 2023)	100
2022-23	87
2021-22	96
2020-21	101
2019-20	111
2018-19	110
2017-18	106
2016-17	99
2015-16	103

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Antall elevar, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn
Tala viser antal elevar rapportert 1. oktober kvart skuleår



Tabellen bygger på skulenes rapportering av antall elevar i 1. klasse pr. 1. oktober kvart år.
Tabellen er utarbeid lokalt.

Skoleeigar sin vurdering av elevtal

Elevtalet i Bykle kommune har store variasjonar. Inneverande skuleår varierar årskulla mellom 6 og 15 elevar. Det er størst variasjon i antalet elevar som startar på Fjellgardane skule.

Antall elevar i klassane varierar frå 2 til 13 elevar.

Grunnskulen i Bykle kommune har relativt omfattande inn- og utflytting.

1.2. Lærartettleik

Det er ein nasjonal norm for lærartettleik i grunnskulen. Det skal være maksimalt 15 elevar pr. lærar på 1. – 4. trinn og maks 20 elevar pr lærer på 5. – 10. trinn. Det leggjast egne utrekningar til grunn.


Spesialundervisning kjem i tillegg. Tabellane angir kor mange elevar det er pr lærarårsverk utrekna på hovudtrinn.

Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 1.-4. trinn

Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 5.-7.trinn


Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 8.-10. trinn

1.3. Undervisningspersonale

Bykle kommune (EIGAR) | Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Bykle kommune (EIGAR) | Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning | Eigne tal




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigar si vurdering av lærartettleik og undervisningspersonale

Skulane i Bykle har høg lærartettleik. Det er naturleg når ein har små elevkull.

Grunnskulen opprettheld ei stabil og godt skolert bemanning. Det er eit godt utgangspunkt for god tilpassa opplæring og målretta vidareutvikling av skulane.

1.4. Målform




Skuleeigar si vurdering av val av målform

Antalet elevar som vel bokmål varierer. I ein kommune med relativt omfattande inn- og utflytting, vil det være naturleg med elevar som vel nynorsk og naturleg med elevar som vel bokmål.


2. Læringsmiljø

2.1. Elevundersøkinga

Bykle kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 7. trinn | Eigne tal




Bykle kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall




2.2. Mobbing på skulen

Bykle kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 7. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Bykle kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 10. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

2.3. Varsel til rektor, skuleeigar og statsforvaltaren

Skuleeigar informerast rutinemessig (månadleg) om varsel til rektor etter opplæringslova § 9 A-4, og om det fylgjande arbeidet med undersøking og eventuell skrifteleggjering av tiltak i ein aktivitetsplan. Skuleeigar vil og informerast om ein skule er klaga inn til Statsforvaltaren.

I Grunnskulen i Bykle har vi døme på sakar der vi fylgjer heile «pliktrekka»; følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og lage aktivitetsplan. Vi har tiltak i aktivitetsplanar som avsluttast relativt raskt. Vi har aktivitetsplanar som evaluerast jamnleg og går over lengre tid. Vi har og døme på saker som avsluttast, som sak, etter ei brei og grundig undersøking.

Registrerte varsel viser skuleeigar at skulane har sterkt fokus på elevane sitt psykososiale læringsmiljø. Antal saker vil etter utdanningsdirektoratet sine normer, være unnateke offentlegheit av omsyn til personvern.

Skuleåret 2022/23 blei ingen saker klaga inn til Statsforvaltaren.

2.4. Ungdata 2022 – meir kunnskap

Nøkkeltal frå Ungdata 2022 Bykle fekk stor merksemd. 24 % av elevane på ungdomstrinnet (25 respondentar) svarte at dei hadde blitt utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida minst kvar 14. dag.

Ungdata er ei omfattande undersøking der respondentane svarer på ei rekke spørsmål. Signe Vrålstad og Geir Møller ved Telemarksforskning har levert analyserapporten (analyse av data frå Ungdata 2022) «Ung i Setesdalsregionen, Risiko- og beskyttelsefaktorer blant ungdomsskoleelever i 2022».

Bykle har for få respondentar (25) til å få ut eigne tal, men rapporten summerer hovudresultat sammenligna med Agder; «Forskyving mot lettare psykiske plagar (frå tyngre), Lavere andel unge som begår regelbrudd, «...», Risikofaktorer som i fylket som heilhet og Lavere beskyttelse i form av sosiale relasjonar og deltagelse»

Skuleeigar si vurdering av læringsmiljø

I grunnskulen i Bykle kommune er det fokus på elevane sitt læringsmiljø.

Med låge elevtal blir resultat unnateke offentlegheit. Skuleåret 2022/23 var kriteria for publisering spesielt strenge. Skulen sin leiing og skuleeigar fekk og svært begrensa tilgang til relevante data. Vi har i praksis kun resultat (med nokre begrensingar) frå elevundersøkinga for 7. trinn.

Resultata på indikatoren «Mobbing på skulen» er «prikka» for både 7. og 10. trinn. For skuleåret 2022/23 blei resultata «prikka» og om resultatet var 0,0%. Svara kan ha vore alt frå 0,0% til meire.

Elevundersøkinga inneheld ei rekke indeksar. Tabellen for 10. trinn viser indeksane Udir vurderer å være spesielt knytt til læringsmiljø. For 10. trinn er resultata «prikka».

For 7. trinn er resultata tilgjengelege. Resultata hausten 2022 har indeksar som ligg noke lågare enn året før. Resultata vil variere frå kull til kull. Samanligna med landsgjennomsnittet varierer det og noko. Det er gledeleg med spesielt høge indeksar for læringskultur og motivasjon. Indeksane for Elevdemokrati og medverking og Støtte heimafrå motivarer for vidare arbeid.

I grunnskulen i Bykle har ein fokus på førebyggjande arbeid og låg terskel for å iverksette tiltak. Som eit ledd i dette nyttar ein omgrep knytt til læringsmiljø som favnar breiast mogleg. I grunnskulen sitt arbeid nyttar ein omgrepet «Trygt og godt skolemiljø».



Grunnskulen i Bykle er og opptatt av at einskilde elevar har ein særskild sårbarheit, og difor kan ha behov for ekstra hjelp og støtte.

Skuleeigar si vurdering av elevane sitt læringsmiljø bygger i stor grad på kjennskapen til dei varsel rektor har motteke og skulen sitt arbeid med dei, deltaking i enkelte saker, samtalar med føresette og gjennom lokalt tilsyn (sjå pkt. 6).

Det er elevar i grunnskulen i Bykle kommune som tidvis ikkje har det trygt og godt. For nokre elevar løyser situasjonen seg raskt, for andre kan det ta noko tid. Det er ingen garanti for at alle tiltak har effekt umiddelbart. Gode rutiner for evaluering og samhandling er difor av avgjerande betydning.

Grunnskulen i Bykle kommune har etablert eit omfattande rammeverk for arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø gjennom «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle». Handlingsplanen blir teken i bruk dette skuleåret.

Planen verkar å sikre innsatsen når nokon ikkje har det trygt og godt.

Ein tredel av planen omhandlar det førebyggjande arbeidet. Denne delen vil kontinuerleg vidareutviklast og kan truleg utvidas noko (sjå pkt. 6).

Årsakene til at elevar ikkje har det trygt og godt kan være samansette. Nokre gongar vil det krevje kompetanse og kapasitet ut over skulen. Det er lagt til rette for rutinemessig samhandling med helsesjukepleiar, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og Psykisk helse og rus (PHR) som ein del av skulane sitt interne arbeid. Det legg til rette for fleirfagleg innsats på eit tidleg tidspunkt (sjå pkt. 8).

3. Nasjonale prøver

Nasjonale prøver er obligatoriske prøver som gir informasjon om grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk.

Alle elevar i grunnskulen skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

Nasjonale prøver kartlegg i kva for grad elevanes ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar.

Prøvene plasserer og elevane inn i ulike meistringsnivå. På 5. trinn er det tre meistringsnivå. På 8. og 10. trinn er det fem meistringsnivå. Resultata frå Bykle, fordelt på meistringsnivå er prikka. Skulen og skuleeigar kjenner resultata på elevnivå.

Skalapoeng angir kor elevane i kommunen ligg i forhold til landet. Enkelte år kan og skalapoeng på kommune nivå være prikka.

 *Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-23 kan derfor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.*

3.1. Nasjonale prøver 5. trinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng skuleåret 2022-2023 (2021-2022)

Indikator	Bykle kommune	Agder	Nasjonalt
Lesing	*	49	50
Rekning	*	50	50
Engelsk	*	49	50

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2022-2023

3.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng 2022-2023

Indikator	Bykle kommune		Agder		Nasjonalt	
Klassetrinn	8. trinn	9. trinn	8. trinn	9. trinn	8. trinn	9. trinn
Lesing	*	59	49	53	50	54
Rekning	*	58	49	54	50	54
Engelsk	54		48		50	

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2022-2023

Skuleeigar si vurdering av nasjonale prøver

Nasjonale prøver gir informasjon om eit elevkull sine grunnleggjande ferdigheter, på eit bestemt tidspunkt.

Skuleåret 2022/23 er dei fleste reultata «prikka». Skuleeigar har innsyn i resultata på skule-, trinn- og individ nivå. Det statistiske resultatet er godt.

Progresjon går ikkje fram av denne rapporten. Skuleeigar ser i sin gjennomgang at det enkelte elevkull har god progresjon gjennom grunnskulen i Bykle.

Over tid vil ein kunne sjå om det er trender ut over variasjon mellom elevkull.

Skulane har ei rekke indikatorar på elevanes faglege utvikling; Øvrige kartleggingsprøver, lokale vurderingssituasjonar og tett oppfølging av den enkelte elev.

Skulane i Bykle kommune nyttar resultata frå Nasjonale prøver i sitt utviklingsarbeid, Og som ein del av grunnlaget for å tilpasse opplæringa til den enkelte klasse, gruppe og elev.

4. Karakterar og grunnskulepoeng

4.1. Standpunktkarakterar

Det er ikkje offentlege tal for standpunktkarakterane i Bykle kommune for skuleåret 2022 – 2023. Skuleeigar og skulane er kjent med resultatata på elev-, skule- og fag- nivå.

4.2. Grunnskulepoeng

Det er ikkje offentlege tal for grunnskulepoeng i Bykle kommune for skuleåret 2022 – 2023. Skuleeigar og skulane er kjent med resultatata.

Skoleår	Bykle kommune	Nasjonalt
2018-19	-	42,0
2019-20	44,5	43,2
2020-21	48,3	43,3
2021-22	43,9	43,4
2022-23	*	42,4

Skuleeigar si vurdering av standpunktkarakterar og grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng viser det samla læringsutbytte som sluttvurderast med karakter. Det angir kor langt vi kom. Resultata for 2022/23 er «prikka». Skuleeigar er kjent med resultatata.

Grunnskulepoenga i Bykle kommune ligg høgare enn det nasjonale gjennomsnittet og for Agder. Ein kommune med få elevar må rekne med naturlege variasjonar. Grunnskulepoenga i Bykle kommune varierer frå 38,0 til 48,3 siste 10 år. Landsgjennomsnittet har i same periode bevega seg frå 40,1 til 43,4, med eit lite hopp under pandemien. Skuleeigar er godt nøgd med å liggje over landsgjennomsnittet.

5. Fråvær og overgang til vidaregåande opplæring

5.1. Fråvær

Det er eit aukande fokus på skulenærvær og skulefråvær, nasjonalt og lokalt. Ny opplæringslov, gjeldande frå 1.8.2022 presiserer skulen sin plikt til oppfylging ved fråvær;

§ 10-6 Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen sin oppfølgingsplikt

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følge skolereglane. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skoletida (lekser). Det må takast omsyn til at elevane har rett til kvile og fritid.

Grunnskulen i Bykle vil denne hausten ferdigstille ein eigen rettleiar for eit godt skulenærvær. Som ein del av dette etablerast det og eit eige Nærværsteam.

Tabellen viser medianen for antal dagar og timar fråvær for elevar på 10. trinn, slik det er ført på vitnemålet. Det er eigne reglar for føring av fråvær på vitnemålet.

Bykle kommune (EIGAR) | Fråvær 10. trinn | EigGeografisk sammenligning

Skoleår	Bykle kommune (EIER) - Median dagar fråvær	Bykle kommune (EIER) - Median timer fråvær	Agder - Median dagar fråvær	Agder - Median timer fråvær	Nasjonalt - Median dagar fråvær	Nasjonalt - Median timer fråvær
2022-23	*	*	8,0	6,0	8,0	6,0
2021-22	6,5	0,0	-	-	2,0	3,0
2020-21	1,0	0,0	-	-	1,0	2,0
2019-20	5,0	0,0	-	-	4,0	3,0
2018-19	2,0	2,0	-	-	6,0	5,0
2017-18	2,0	0,0	-	-	6,0	5,0
2016-17	2,5	0,0	-	-	6,0	4,0
2015-16	5,0	0,0	-	-	6,0	4,0

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Fravær, 10.trinn, Begge kjønn

5.2. Overgang til vidaregåande opplæring (VGO)

Bykle kommune (EIER) | Overganger fra grunnskole til VGO | Egne tall

År	Andel overgangar
2022	100,0
2021	100,0
2020	*
2019	*
2018	*

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering av fråvær og overgang til vidaregåande opplæring.

Høge grunnskulepoeng og 100 % oppmøte/registrering ved vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen er eit godt utgangspunkt for gjennomføring av vidaregåande utdanning og aktiv deltaking i samfunnet.

Elevane i grunnskulen i Bykle har noko varierende registrering av fråvær på vitnemålet. Ein kommune med få elevar må rekne med naturlege variasjonar.

Nasjonalt og lokalt aukar fokuset på skulenærvær. Grunnskulen i Bykle er i ferd med å ferdigstille sin eigen «Rettleiar for eit godt skulenærvær i grunnskulen i Bykle kommune»

6. Skulebasert vurdering

Skuleeigar skal ivareta kommunen sin plikt til å arbeid med kvalitetsutvikling etter Opplæringslova § 13-3 e og i tråd med Kommunelova § 25-1. Lokalt tilsyn kan inngå som ein del av dette. Skuleeigar vil vidareutvikle dette arbeidet i retning av skulebasert vurdering.

23. juni 2021 bestilte Kontrollutvalet prosjektet «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen» frå Agder Kommunerevisjon IKS. 20. september 2022 mottok Bykle kommune «Psykososialt læringsmiljø i grunnskulen – Rapport til kontrollutvalet i Bykle kommune – september 2022». Etter dette nemnt som «Revisjonsrapporten».

Revisjonsrapporten får stort fokus og utløyser eit sterkt engasjement.

Som en del av arbeidet med å fylgje opp Revisjonsrapporten har skuleeigar gjennomført eit lokalt tilsyn ved grunnskulen i Bykle kommune. Tilsynet er gjennomført i september og oktober 2023. Tema for det lokale tilsynet har vore **«Skulane sin oppfølging av anbefalingane gitt i Revisjonsrapporten»**. Det lokale tilsynet fylgjer opp dei orienteringane som er gitt i kontrollutval, levekårsutval og kommunestyre.

Skuleeigar baserer sitt kunnskapsgrunnlag på gjennomgang av relevant dokumentasjon og gjennom samtalar med elevar, føresette, tilsette og rektorane.

Skulane viser i stor grad til ny og revidert «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle kommune». Etter dette nemnd som «Handlingsplanen».

Skuleeigar har og fått innsyn i skulane sine planar for utviklingsarbeid inneverande semester og skulespesifikke årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.

Skulane er med i to omfattande samarbeid om læringsmiljø med to sterke fagmiljø; Universitet i Agder om Inkluderande praksis (Kompetanseløftet+) og Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger i Læringsmiljøprosjektet. Innsyn i dette arbeidet inngår og som en del av kunnskapsgrunnlaget.

Samtalane er gjennomført som semistrukturerte intervju, og har belyst forhold som Revisjonsrapporten rører i sine tilrådingar.

Oppsummering lokalt tilsyn hausten 2023 på «Skulane sin oppfølging av tilrådingane gitt i Revisjonsrapporten»:

Internkontrollen er styrka og subdelegasjon er oppdatert. Det er og etablert to interne prosedyrar som tydeleggjer ansvar knytt til leiing og skulebasert vurdering. Det er kjent blant tilsette kven som varetek rolla som skuleeigar

Det ligg no føre ein omfattande handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø. Planen er kjent og tatt i bruk. Det varierer noko kor inngåande kjennskap dei ulike respondentane har til innhaldet i planen. Det bør vurderast å vidareutvikle arbeidet i «klassens time» og elevråd og sjå på samanhengen mellom desse.

Handlingsplanen skal være dynamisk. Det er rom for kontinuerleg påverking gjennom rådsorgan, og skulen si leiing. Det ligg godt til rette for ei formell evaluering av planen våren 2024 der elevvar og føresette vil ha ei vesentleg rolle. Rektor må oppretthalde fokus på handlingsplanen gjennom målretta bruk av utviklingstid, og ved tett oppfølging av dei tilsette.

Elevane sin rett til rådgeving etter kapittel 22 i forskrift til opplæringslova, ivaretakast gjennom tilsette med høg kompetanse og høg vaksentettleik. Fokus på rådgeving styrkast ytterlegare ved sosialpedagogisk rådgevingar i 100 % stilling.

Rammene for skule – heim samarbeidet er i ein grad beskrive i handlingsplanen. Det bør vurderast å gjere denne delen meir omfattande. Til dømes gjennom meir detaljert beskriving av elevsamtalar, utviklingssamtalar og omtale av foreldremøte. Foreldremøta denne hausten beskrivast som gode. Informasjonsflyten har fått eit vesentleg lyft ved å ta VISMA flyt skule i bruk. Kommunen og skulene sine nye heimesider er framleis under konstruksjon.

Handlingsplan har detaljert punktlistar for informasjon i ulike organ. Ulik kjennskap til detaljar i Handlingsplan kan gi ulik bruk av desse punktlistene. Rektorane må oppretthalde fokus på Handlingsplanen.

Handlingsplan har ei detaljert beskriving av korleis skulane skal arbeide i tråd med aktivitetsplikta etter opplæringslova § 9A-4. Skulane bør arbeide vidare med detaljar og omgrep knytt til dette regelverket. Det være i personalet og i ulike rådsorgan. Rektorane arbeider vidare med dette i samarbeid med Universitetet i Stavanger

Skulane samarbeider tett med to sterke fagmiljø knytt til skulen sitt læringsmiljø. Det er vesentleg at dette samarbeidet optimaliserast slik at ein når ei målretta utvikling i vekslinga mellom ekstern rettleiing og intern arbeid. Det er vesentleg at arbeidet med skulane sin plan for utvikling haldast oppe.

Det er stort fokus på elevane sitt læringsmiljø i grunnskulen i Bykle. Dette er et kontinuerleg arbeid. Det er av stor betydning at fokus haldast oppe i alle ledd.

Skuleeigar sitt vidare arbeid (frå rapporten);

Gjennomføre evalueringa av Handlingsplanen i mai – juni 2024. Sikre evaluering og medverking frå elevvar, føresette og tilsette.

Fylgje opp rektorane sitt arbeid med plan for utviklingsarbeid ved skulane.

Utfordre skulane på organisering av og innhald i klassens time. Vurdere å få dette med i Handlingsplanen.

Utfordre skulane på å kople arbeidet i elevrådet tettare på det førebyggjande arbeidet for eit trygt og god skulemiljø for alle.

Saman med rektorane utvikle meir detaljert beskriving av skule – heim samarbeidet i Handlingsplan. Sikre at føresette og rådsorgan blir ein del av dette.

Fylgje opp arbeidet med dei nye heimesidene slik at dei bidreg med statisk informasjon i tråd med anbefalingane i Revisjonsrapporten.

Bidra til koordinering av samarbeidet med Universitetet i Agder og Universitetet i Stavanger.

7. Satsingsområde

Skulane og barnehagane i Bykle kommune arbeider saman i to omfattande satsingar; Læringsmiljøprosjektet i samarbeid med Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger og det vi lokalt omtalar som Kompetanseløftet+ i samarbeid med Universitetet i Agder.

Læringsmiljøprosjektet går over 2 år og avsluttast sommaren 2025. Overordna mål for prosjektet er *Å fremme eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mistrivsel og krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

Kompetanseløftet+ omhandlar noko forenkla, om utvikling av ein inkluderande praksis. Den sentrale målsettinga er; *«Alle kommunar og fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging».*

Det arbeidast no (november) med søknaden om midlar til denne satsinga ut 2024

Grunnskulen i Bykle ynskjer å bidra til samhandling. Rektorane arbeider tett med styraren, er med i Tverrfagleg team, Fagteam og ulike nettverk. Skuleeigar er spesielt nøgd med etableringa av eit ressursteam i kvar barnehage og skule (sjå pkt. 8)

Tydelege satsingar over tid, gjer at ein må prioritere. Grunnskulen i Bykle vil kome i situasjonar der ein må takke nei til andre gode initiativ og tiltak.

8. Samhandling

Grunnskulen i Bykle trur på tidleg, tverrfagleg og samordna innsats. Som eit bidrag til dette ynskjer ein å etablere gode strukturar med utgangspunkt i behova til elevar, føresette og tilsette.

Det er no etablert gode strukturar for samhandling alt som ein del av skulane sitt interne arbeid. Kvar skule har eit ressursteam (R-team). R-team er ein møtearena for førebyggjande tiltak i skulen, på lågaste tverrfaglege nivå. Møta administrerast av rektor. Både elevar, føresette og skulen sjølv (lærarar med fleire) kan be om drøfting i teamet. Teamet møtast månadleg.

Før saka drøftast i ressursteamet skal saka ha vore drøfta internt, kartlegging, foreløpig analyse, tiltak og evaluering være gjennomført.

I Ressursteamet legger kontaktlærar, elev, føresette fram sin bekymring og sitt behov for rettleiing. Skuleleiinga, spe. koordinator, «Pedagogisk psykologisk teneste» (PPT), helsesjukepleiar og «Psykisk helse og rus» (PHR) drøftar så aktuelle tiltak som raskt kan setjast i gang på lågast nivå.

Dersom desse tiltaka ikkje fører fram, settast saka opp på nytt og/eller ein vurderer meir omfattande tiltak som til dømes tilmelding til PPT, psykolog, nærværsteam (når etablert), barnevern eller via lege til avdeling for barn og unges psykiske helse (ABUP)

For barn og unge med individuell plan (IP) eller individuell opplæringsplan (IOP) etablerast det tverrfaglege ansvarsgrupper. Det kan og i enkelte tilfelle etablerast ei eige tilpassa ansvarsgruppe for vidare innsats.

I tråd med kommunen sin Tverrfaglege samhandlingsplan er det etablert eit Fagteam for barn og unge frå 0-16 år. Fagteamet er ein tverrfagleg drøftingsarena med mål om å finne gode løysingar og tiltak. Fagteamet tek i opp saker på systemnivå. Fagteam skal gjennomførast annankvar månad.

Faste medlem i fagteamet: Helsesjukepleiar i helsestasjon- og skulehelsetenesta (leiar), Tenesteleiar i Bykle og Fjellgardane barnehagar, Tenesteleiar v. Fjellgardane skule, Tenesteleiar v. Bykle barne- og ungdomskule, Sosialpedagogisk rådgjevar v. Bykle barne- og ungdomskule, Rådgjevar i Pedagogisk psykologisk teneste for Setesdal, Tenesteleiar i Setesdal barnevern, Psykolog eller anna tilsett frå psykisk helse og rus.

Det vurderast om og nav, lege, jordmor, kultur & fritid bør være ein del av dette teamet, og om det bør fungere som eit Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) team.

Overgangar i barn og unge sitt liv kan ha stor betydning. Grunnskulen i Bykle kommune har starta opp arbeidet med å samordne og revidere planane for overgangane barnehage-skule, barnetrinn-ungdomstrinn og ungdomstrinn-vidaregåande opplæring.

9. Økonomi

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulen per elev

	2020	2021	2022
Heile landet	125 392	135 421	143 297
Agder	121 042	129 613	139 636
Bygland kommune	187 786	220 771	234 558
Valle kommune	190 378	208 693	207 722
Bykle kommune	279 504	317 058	383 153

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Bykle kommune hadde i 2022 kr 383 153 i korrigerte brutto driftsutgifter per elev. Høge kostnader knytast i hovudsak til få elevar, to skular og føreseieleleg bemanning.